



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/197326-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
31.07.2019

Uttale – 2 bustadtomter – Fv. 393 – Gnr. 215 bnr. 2 – Lindås kommune

Statens vegvesen viser til brev mottatt 03.07.2019 frå Lindås kommune.

Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova til søknad om frådelling av to bustadtomter frå gnr. 215 bnr. 2 i Lindås kommune. Arealet er avsett til *landbruk, – natur- og friluftsføremål* (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås.

Statens vegvesen har nyleg godkjent utvida bruk av avkøyrsla for to tomter frå same eigedom. Avkøyrsla vart då vesentleg utbetra. Likevel var det krevjande å få tilfredsstillande utforming av avkøyrsla, og ein måtte mellom anna gå ned på kravet til svingradius. Svingradius er viktig for å plassere køyretøyet rett i avkøyrsla og for å oppnå god sikt.

Dersom vi mottar ny søknad om avkøyrsla må vi vurdere avkøyrslpunktet på nytt. Vi registrerer at det er fleire brukarar i avkøyrsla, og det difor er aktuelt å stille strengare krav til utforming av avkøyrsla. Handbok N100 viser til at det er skjerpa krav til utforming der antal brukarar overstig 9 bueiningar, eller der årsdøgertrafikk er over 50 ÅDT. Dei skjerpa krava går på sikt og auka svingradius.

Vi vil og vise til at fylkesvegen forbi området har dårleg standard og manglar tilbod til gåande og syklende. Det er langt til skule og andre sentrumsfunksjonar, og utbygginga vert bilbasert. Utviklinga i området går gradvis mot eit mindre byggefelt utan at infrastruktur er på plass. Vi meiner det er uheldig å leggje til rette for bustadbygging i dette omfanget utan at det er vurdert gjennom eit overordna planarbeid.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak tilsendt til klagevurdering.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeteiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.